



DET KONGELEGE
KULTUR- OG KYRKJEDEPARTEMENT

Pressemelding

Nr.: 126/04

Dato: 25.10.2004

Den kulturelle skulesekken 2004/2005:

Breitt kulturtilbod til barn og ungdom i Sogn og Fjordane

Sogn og Fjordane har fått vel 2,8 millionar kroner frå Den kulturelle skulesekken for skuleåret 2004/2005. I Sogn og Fjordane er det etablert eit breitt kulturtilbod til elevane innan musikk, scenekunst, visuell kunst og kulturarv. Eitt av hovudmåla er å engasjera elevane gjennom eigenaktivitet.

Skulane etterspør tilbod frå Sogn og Fjordane teater meir enn nokon gong. For ungdomsskuletrinnet byr teatret i haust på nyskapande folkedans-teater, "Jenta som ingen kunne målbinde". Medan scena blir rigga, får elevane som ønskjer det delta på workshop i dans med ein av landets fremste hallingdansarar, Martin Myhr.

For dei yngre elevane tilbyr teatret framsyninga "Tylefakter", eit ellevilt og humørfyllt stykke om identitet og mot, framført på dialekt og regissert av Yngve Sundvor. Våren 2004 nådde denne framsyninga ut til over 6.000 elevar, og dette skuleåret får resten av fylket besøk.

"Konflikt blir drama" er eit tilbod til ungdomsskulen som forfattaren Rolf Losnegård har utarbeidd for å hjelpe skulane til å tydeleggjere konfliktar i kvardagen. Elevane definerer konfliktar ut frå sin ståstad, og gjennom rollespel er dei med og spelar ut konfliktane. Oppfølging med kurs i kreativ skriving kan bestillast.

Kontaktpersonar: Teatersjef ved Sogn og Fjordane teater Terje Lyngstad, tlf. 57721850/909 44 027, Forfattar Rolf Losnegård, tlf. 57734362/ 913 49 101. Den kulturelle skulesekken i Sogn og Fjordane, v/ Margrethe Henden Aaraas, tlf. 57825019/416 39 404.